

# Referat Campusmøte, campus Stord

**Dato:** 24.05.2024

**Tid:** 08:30 – 10:00

**Stad:** Teams

Til stades: Sigurd Sandvold (møteleiar), Monica W. Nortvedt, Malin Dalland, Inger Christin Hystad Barane, Oded Ben-Horin, Kristina Johannesen Tolås, Trond Egil Arnesen , Øyvind Midtbø Berge

Forfall: Espen Helvig

Referent: Kajsa Nordström

## Sakliste:

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	5 min
2/24	Gjennomgang av nytt mandag	Møteleiar	10
3/24	Oppdatering frå forrige møte	Møteleiar	20 min
4/24	Søklar tal 2024	Møteleiar	15 min
5/24	Mogleg samarbeid med Energy House på Stord.	Øyvind Midtbø Berge	20 min
6/24	Møteplan 2024	Møteleiar	5 min
7/24	Ymse	Møteleiar	15 min

## 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sigurd Sandvold leia møtet.

### Vedtak:

Innkalling og sakliste blei godkjent.

Saker blei meldt inn til ymse, jf. sak 7/24.

## 2/24 Gjennomgang av nytt mandat for Campusmøtet

Campusmøta skal vere eit rådgivande organ for campusutvikling til toppleinga.

- Ei av dei viktige endringane er at leiar kan vurderer, i samråd med prorektor for regional utvikling, om råd skal sendast til rektor eller ein eller fleire dekanar. Campusmøte har ein rådgivande funksjon, men avgjerdene er lagt til fakulteta.
- Campusmøte skal ikkje koordinera velferdstiltak eller drift, unnateken når fagleg aktivitet påverkar areal.
- Samansetninga er også litt endra, no er alle fakultet representerte på alle campusar.
- Alle medlemmer av campusmøte har eit felles eigarskap og ansvar for å få fram saker og diskusjonar.
- Mandatet har også eit regionalt fokus.

Innspel til mandat

- Tolkinga av mandatet må vera så pass romsleg at folk tør å melde inn saker.
- Mange saker kan ha tyngdepunkt i eit fakultet, men påverka andre fakultet.
- Det må synleggjerast på vestibylen kor ein kan senda inn innspel og døme på gode saker til campusmøte.

Vedtak:

Innspela vert tekne med i det vidare arbeidet i Campusmøtet

## 3/24 Oppdatering frå forrige møte

- Campusmøte vart orientert om Europavox Campus av Øystein Kvinge i førre møte. Arrangementet vart gjennomført med stor suksess med ca. 75 deltakarar frå fleire ulike europeiske land. Brukte både campus og ulike areal i lokalmiljøet. Arrangementet fekk stor publisitet og var framifrå gjennomført med enormt gode tilbakemeldingar frå deltakarar og andre involverte.
- Møteleiar jobbar vidare med sak om *Den historiske dimensjonen* og kjem tilbake til den saka i neste møte.
- Kajsa Nordström orienterte om pop-up campus som er HVL sitt bidrag til *Folk i sentrum dagane*, Stord kommune sitt største årlege arrangement. HVL låner eit lokalet i sentrum som per i dag står tomt og viser fram eit utkast av dei det vi har på campus og tilbyr lokalbefolkninga å komma innom på bamsesjukehus, testa utstyr frå læringslaben, bokoppleing, maritimt sanserom og mykje anna.

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

## 4/24 Søkjartal 2024

### FLKI

- Rekrutteringssituasjonen på både GLU og BLU er krevjande og få unge vaksne ønskjer å søkja desse utdanningane.
- Samlingsbasert GLU vart utlyst i 2024, men basert på søkartal innstilte dekan på nullopptak, som rektor har godkjent.
- Positive tal på PPUA og PPUY.
- Gode søkjartal på fleire av masterutdanningane.
- Nokre årsstudium går medan nokon blir trekte.
- Moglegheit for å søkja om fritak i karakterkrav på GLU.
- KD verkar ha innsett at det er krise, og det er mykje som er i spel for tida i fakultetet, mykje kjem.
- Endringar i PPU – stor nasjonal konkurranse, når det gjeld å ta PPU med integrert master på kortast tid.
- Det blir gjeninnført opning for å ta PPU med berre bachelor.

### FHS:

- Sjukepleie hadde ein dramatisk nedgang i fjor, også nasjonalt.
- Nasjonal oppgang i år, og særleg gode søkjartal på deltidsutdanninga. Totalt sett for campus Stord sjukepleie ser det bra ut.
- Karakterkravsaka blir mest sannsynleg teken vekk. Ministeren har sagt at institusjonane kan ha eit ekstra lokalt opptak. Satsar på å fylla opp plassane.
- Jamt over gode søkjartal til masterutdanningar.

Det skal startast opp eit prosjekt som går på studieportefølje, rekruttering og samarbeid med fokus på campus Stord. Prorektor for regional utvikling skal leia dette arbeidet og det vil bli relevant for campusmøte.

### Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande. Geir Kåre Resaland må komme inn i neste møte og informera om prosjektet.

## 5/24 Mogleg samarbeid med Energy House på Stord.

Prodekan for regional utvikling på FTMS, Øyvind Midtbø Bergen orienterte om mogleg samarbeid med Energy House på Stord.

Bakgrunnen er at FTMS (tidl. FIN) har over tid samarbeida med Energy House og Katapultsenteret på Stord. FTMS har testa ut ulike fleksible utdanningsmodellar, med ulike erfaringar. Den s.k. Stordmodellen har hatt for høg arbeidsbelastning for dei som har teke ingeniørutdanninga, og svært få har komme gjennom løpet. I den konteksten tenkjer FTMS at industrien på Stord/Sunnhordland er ein spennande læringsarena for studentane. Industrien treng også å heva kompetansen innan eksempelvis, hydrogen, sol, havvind etc. Ein del anbudsprosessar krev spesifikke sertifiseringar. Energy House ønskjer å utvida arealet og har vore i dialog med FTMS om HVL kan inngå som leigetakar og ein læringspartnar.

Viss HVL skal inngå ei langsiktig forplikting så er det mange omsyn å ta, FTMS kan ikkje ha ein strategi åleine på Stord. Saka er løfta opp til TL, og ønskjer å gå vidare med dette, men HVL må ta ei felles avgjerd. FTMS ser eit potensiale å engasjera seg meir på Stord men det vil vera viktig å få til både forskning og utdanning, ikkje berre utdanning. FTMS har allereie fleire forskarar som er knytte opp mot ulike miljø i næringslivet på Stord

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

## 6/24 Møteplan 2024

Det skal vera to fysiske og eit digitalt møte i året, med to møte om våren og eit om hausten.

Vedtak:

Campusmøte Stord fastset følgjande møteplan for 2024:

Fysisk møte i september, møteleiar og sekretariatet kjem tilbake med forslag på datoar.

## 7/24 Ymse

- Møteleiar ønskjer innspel på saker som arbeidsgruppa skal jobba med.
- Campusmøte kan sjå på strategiske saker ift. profesjonsmelding.
- Det vart stilt spørsmål om fleksibilitet på studieplassar på campus på tvers av fakultet. Studieplassar er knytt til fakultet og nokre studieplassar er knytt til dei tidlegare institusjonane HSH/HiB/HiSF
- Campusmøte ønskjer vidare arbeid med kva campus Stord skal bli gode på, eksempelvis deltidsutdanningar, fleksible og samlingsbaserte utdanningar.
- Det vart stilt spørsmål om husleigesituasjonen i forhold til framtidig fagleg aktivitet. Husleigeavtalen går ut i 2024 og situasjonen er at statsbygg vil at HVL leiger alt eller ingenting. Inntektene har gått ned, så HVL treng ikkje alle bygg, men HVL ønskjer at berre at dei lokala som er formålstenlege skal inngå i avtalen. Det går framleis føre seg forhandlingar.